

Hei.

Tilbakemeldinga i e-post frå dykk 03.09.2018 høyrer bra ut.

Eg har sjekka ut ein del av tinga de etterspør.

1. Det er ikkje gjort noko elveførebyggingar i Hattebergselva, Melselva eller Handelandselva etter 2013, så dataen som ligg tilgjengeleg, er truleg oppdatert i høve til førebyggingane.

Kvinnherad kommune har i år gjennomført ei ny scanning av terrenget gjennom GeoVekst-samarbeidet. Fagkoordinator for kart og oppmåling (Johan Feet) skal sjekka med Kartverket om dataen frå dette arbeidet er tilgjengeleg, du høyrer frå meg når eg får svar på det.

2. Kote 100 passar fint for Hattebergelva, Melselva og Handelandselva. For Åkraelva passar det nok fint med kote 100, men vi er i gang med å vurdere Uskedalselva og om det er naudsynt å gå lenger opp i vassdraget.

3. Lista over aktivitetar ser grei ut.

4. Ut frå estimert tidsforbruk, kjem vi til å bestille flaumfaresonekartlegging for: Hattebergselva og Melselva, Handelandselva, Åkraelva og Uskedalselva. Det kan sjå ut til at vi kan få midlar til å bestille flaumfaresonekartlegging for fleire vassdrag, men dette kjem vi til å omtale i avropet som blir sendt om kort tid.

5. Oppmålingsavdelinga kan gjennomføre innmåling av bruer og kotehøgder brubanar og underkant av bruer, samt sende dei i NN2000. I den forbindelse spør dei om de kan sende ei skisse som viser kva data de treng og kvar det skal målast (slik at dei er heilt sikre på at dei får det rett fyrste gongen). Dei har ein del arbeid framover. Når treng de denne informasjonen?

Som nemnt over, sender vi avropet så fort som mogleg til Stangnes, slik at det er i orden. Ta kontakt om det er noko, så høyrer du frå meg når eg får meir informasjon frå Feet.

Med helsing

**Hildegunn Furdal** | *Samfunnsutviklar*

Mobil: +47 906 78 429 | Tlf: 53 48 31 00

[www.kvinnherad.kommune.no](http://www.kvinnherad.kommune.no) |

*Tenk miljø før du skriv ut!*